

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.02.2016
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport – Handtering av uønskete hendingar**

ARKIVSAK: 2016/2528
STYRESAK: **046/16**

STYREMØTE: **05.04. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Kommentarar

Føremålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje i kva grad føretaka i Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar («avvik»). Internrevisjonen har òg sett på om desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukt til læring.

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå helseføretaka og gjennomført intervju med leiarar, andre tilsette og føretakstillitsvalde.

Hovudkonklusjon: Føretaka har langt på veg tilfredsstillande prosessar for melding og saksbehandling, men systemverktøyet Synergi og den regionale forvaltinga av dette er ikkje optimal.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 25. februar 2016. Dette vart notert (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Oppsummering:

Internrevisor Lene Lie gjekk gjennom rapporten, personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen ga sine synspunkt på dei omtalte forhold, og utvalet drøfta seg gjennom innhaldet.

Vedtak (samrøystes):

Rapporten viser at omfanget av uønskte hendingar i helseføretaka i Helse Vest er betydeleg, og at det er viktig at det er vilje og evne til å melde. Revisjonsutvalet meiner det må vurderast om Synergi er det mest hensiktsmessige dataverktøyet for å skape ein god meldekultur. Målet må vere ein reduksjon utan at det fremjar ein kultur kor det som faktisk skjer ikkje kjem fram. Føretaka må bruke funn og tilrådingar i rapporten aktivt som ledd i eit systematisk forbetningsarbeid.

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Konklusjon

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet når det er gått ei tid, om oppfølginga i HF-a og RHF-et. Det vil venteleg skje rundt årsskiftet 2016/2017. Ei tilbakemelding til styret vil òg bli gitt på høveleg vis.

Vedlegg:

Internrevisjonsrapport – Handtering av uønskte hendingar i helseføretaka